

## Vedlegg - høyringsbrev endringar i gebyrforskrifta – merknader – 22.09.2008

### Merknader til dei særskilde paragrafane

#### Til § 2 Gebyrperiode

Departementet gjer framlegg om å ta inn eit *nytt første ledd* i § 2. I nytt første ledd gjer departementet det klart at gebyr til tilsynet anten er årlege (løpande) gebyr eller eingongsgebyr.

Etter gjeldande § 2 følgjer gebyrperioden kalenderåret, det vil seie frå og med 1. januar til og med 31. desember. Post- og teletilsynet pålegg dei gebyra som ikkje er eingongsgebyr, kvart år. Det er berre i dei tilfella det eksplisitt går fram at gebyret er eit *eingongsgebyr*, at det ikkje er tale om eit årleg gebyr.

#### Til § 3 Gebyr for løyve til bruk av nummer, namn og adresseressursar

Departementet gjer framlegg om endringar i gjeldande § 3 *første ledd nr. 3*, som gjeld 5-sifra nummer. Framlegget gjeld endring av beløpet for kvart nummer frå kr 6 000 til kr 3 300. Bakgrunnen for framlegget om denne endringa er at ein ønskjer å sikre at gebyra for ressursforvaltninga framleis skal vere kostnadsorientert.

Gjeldande forskrift med ein sats på kr 6 000 for kvart nummer har vist seg å ikkje vere i samsvar med Post- og teletilsynet sine faktiske kostnader med dette arbeidet med det noverande talet på tildelingar. Om lag 750 tildelingar per april 2008 ville i samsvar med den gjeldande føresegna utgjere eit samla gebyr på om lag 4,5 mill. kr. Dette er meir enn tilsynets kostnader med ordninga, som i 2008 vil vere om lag 2,5 mill. kr. På denne bakgrunnen foreslår departementet å justere beløpet ned.

Gebyret for 5-sifra nummer til ikkje-kommersielle føremål av samfunnsnyttig karakter har vore kr 1 000 i fleire år. Det er også her ein føresetnad at gebyret skal vere kostnadsorientert. For at auken ikkje skal bli for stor, gjer departementet framlegg om å ta endringa i to trinn, først til kr 2 000 og så vidare til ein kostnadsorientert pris ved neste revisjon av forskrifta.

Departementet gjer for oversikta si skuld merksam på at tilsynet òg tek inn ei årleg avgift i samband med tildeling og bruk av nummerressursen, jf. forskrift 16. februar 2004 nr. 426 om nummerressursar for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester § 22. Prisen for 5-sifra nummer varierer såleis frå kr 10 000 til kr 112 000 for dei mest attraktive numra. Beløpa varierer ut frå pårekna verdi i marknaden. Avgifta for 5-sifra nummer kan ein samanlikne med ei avgift av fiskal karakter der inntekta i hovudsak går til statskassa. I 2007 blei det kravd inn 22,7 mill. kr for tilgang til ressursen, herunder 2,5 mill. kr til dekking av Post- og teletilsynet sin administrasjon av ordninga. Gebyra på kr 3 300 skal i sum dekkje tilsynet sine kostnader med ordninga.

Ein del aktørar vil som eit resultat av framlegget få ein auke i gebyret frå i år til neste år. Departementet syner til at desse aktørane er fritekne for å svare avgift, som andre aktørar må svare for.

#### Til § 6 Gebyr for tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett, elektronisk kommunikasjonssteneste og tilhøyrande fasilitetar

I § 6 gjer departementet framlegg om å ta inn eit *nytt tredje ledd*. Etter framlegget til nytt tredje ledd vil Post- og teletilsynet kunne fordele gebyret for leveransar frå tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett, -teneste og tilhøyrande fasilitetar på grunnlag av andre kriterium enn

omsetning der tilsynet finn det hensiktsmessig. Slike kriterium kan vere abonnenttalet eller trafikkvolumet på sluttbrukarnivået i den relevante marknaden. Andre kriterium kan og vere aktuelle. Føresetnaden for å fråvike omsetningstala er at andre kriterium gjev ei betre forholdsmessig fordeling av gebyret, basert på at gebyret skal gjenspegle kostnadene som tilsynet har. Fordelinga av gebyret etter andre kriterium skal skje etter tilsvarande retningslinjer som ved fordeling etter omsetning i andre ledd så langt dei passar. Omsetningsgrensa i andre leddet første punktum gjeld tilsvarande. Dette tyder at det berre er tilbydar med ei årsomsetning på meir enn 30 millionar som skal svara gebyr, sjølv om andre kriterium enn omsetning vert lagt til grunn for gebyrberekning. Omsetningsgrensa er før moms.

Departementet gjer dette framlegget mellom anna for å fange opp tilfelle der del av omsetning ikkje gir eit korrekt bilete av selskap si verksemd i Noreg i ein eller fleire av marknadene nemnd i § 6 andre ledd, eller i delar av desse marknadene. Med "del av marknad" meiner vi til dømes mobildelen av telefonimarknaden.

### **Til § 8 Gebyr for frekvensløyve**

Departementet gjer framlegg om å endre gjeldande § 8 på fleire punkt.

Samanlikna med gjeldande § 8 *andre ledd*, som skildrar ei prosentvis fordeling av frekvensgebyra, gjer departementet framlegg om både justeringar i prosentsatsane for dei ulike løyva samanlikna med gjeldande prosentsatsar og endring i grupperinga av frekvensløyva. I andre ledd bokstav a, som gjeld frekvensløyve (både sendarløyve og spektrumsløyve), gjer departementet framlegg om å ta inn sendarløyve for lågeffektssystem under same prosentsatsen. Bakgrunnen for dette er at ein ønskjer å presisere at sendarløyve for lågeffektssystem skal reknast ut etter § 9 uavhengig av kva frekvens dei nyttar.

Vidare gjer departementet i § 8 *andre ledd bokstav b og c* framlegg om å skilje ut sendarar for analog TV-kringkasting frå gjeldande § 8 andre ledd bokstav b. Vidaresending for kringkasting skal framleis reknast saman med sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester, jf. andre ledd bokstav b. Bakgrunnen for framlegget er at det etter den planlagde sløkkinga av dei analoge kringkastingsendingane hausten 2009 ikkje lenger vil vere analog TV-kringkasting. I staden vil all TV-kringkasting vere digital og innehavarane av løyve i frekvensbandet 470–790 MHz vil få full utnytting av løyva sine, som vil bli rekna ut etter § 8 tredje ledd bokstav e. Av denne grunnen gjer departementet framlegg om at gebyret som etter gjeldande forskrift blir teke inn av gruppa analog TV-kringkasting i 2009, skal bli overført til gruppa spektrumsløyve i 2010.

Departementet gjer òg framlegg om å slå saman gjeldande *andre ledd bokstav d og e* til ein ny *bokstav e*, slik at 39 % av frekvensgebyra skal betalast av dei med spektrumsløyve.

Frekvensstyresmakta tildeler stadig fleire teknologi- og tenestenytrale frekvensløyve. For å avspegle denne utviklinga i gebyrforskrifta, ønskjer departementet å slå saman bokstav d og e. Dermed vil ikkje gebyrforskrifta skilje på gebyr for spektrumsløyve i frekvensband planlagt for kringkasting eller mobile tenester og andre frekvensløyve. Departementet ønskjer framleis å skilje mellom gebyr til ulike frekvensband, men skilnaden reflekterer tilsynet sine kostnader ved tildelingane og kontrollen av frekvensløyva i desse frekvensbanda.

Når det gjeld framlegget til endra prosentsatsar for frekvensløyve, kjem dette av endra ressursbruk i Post- og teletilsynet. Frekvensløyve for Profesjonell Mobil Radio (PMR) og sendarløyve for lågeffektssystem i *tredje ledd bokstav a* blir foreslått redusert frå 44 % til 40 % på bakgrunn av

reduerte kostnader med dette arbeidet i PT. Sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester i *tredje ledd bokstav b* blir foreslått redusert frå 12 % til 8 % som følge av framlegget om å skilje ut sendarløyve for analog TV-kringkasting frå gjeldande § 8 andre ledd bokstav b til ein ny frekvensløyvekategori (jf. *bokstav c*). Den nye kategorien i framlegget bokstav c foreslår departementet sett til 3 %. Framlegget i § 8 *tredje ledd bokstav d* gir ei justering frå gjeldande 11 % til framlegget på 10 %. Gjeldande prosentsatsar for spektrumsløyve er 23 % etter *bokstav d* og 10 % etter *bokstav e*. I departementet sitt framlegg, der desse gruppene blir til éi gruppe i framlegget *bokstav e*, foreslår departementet ein sats på 39 %. Bakgrunnen for denne auken er mellom anna at frekvensstyresmakta si erfaring viser at det generelt er fleire løyve no enn før som blir tildelte på teknologinøytral basis. Ei anna årsak som forklarar auken, er at løyve som til no har blitt rekna ut som einskildvedtak etter gjeldande § 14, etter framlegget skal givast med heimel i ny § 12 om gebyr for spektrumsløyve, til dømes NTVs løyve.

### **Til § 9 Gebyr for frekvensløyve for Profesjonell Mobil Radio og sendarløyve for lågeffektssystem**

Det samla talet på gebyr som frekvensløyva for PMR og sendarløyva for lågeffektssystem skal betale, er ifølgje framlegget til § 9 *tredje leddet bokstav a* 40 % etter ei nærmare utrekning. I første ledd gjer departementet framlegg om å ta inn ei presisering om at fastleddet på kr 100 000 som innehavarar av spektrumsløyve for PMR må betale, er knytt til kvart PMR-nett dei disponerer.

Visse frekvensar i bandet 142–142,5 MHz og i bandet 440–442 MHz (ofte brukt til lågeffektssystem) er tekne inn i forskrift 20. april 2007 nr. 439, som gir generelle løyve til bruk av frekvensar (fribruksforskrifta), medan dei fleste blir nytta til ulike former for lisensiert telemetri. Med lågeffektssystem tenkjer ein på system med maksimalt utstrålt effekt mindre enn eller lik 500 mW. Denne typen løyve blir ikkje fanga opp av gjeldande gebyrforskrift trass i at løyva krev mykje sakshandsaming. Departementet ser det derfor som føremålstenleg at innehavaren av eit slikt løyve skal betale for det arbeidet som tilsynet har med å handsame løyvet. På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om å ta inn ei endring i gjeldande § 9 *andre ledd*. Sakshandsaminga i samband med slike lågeffektssløyve kan i omfang samanliknast med arbeidet ein utfører når ein skal tildele eit løyve for ein basestasjon for Profesjonell Mobil Radio. Det er derfor foreslått å innføre eit årleg gebyr tilsvarende gebyret for ein basestasjon for Profesjonell Mobil Radio.

I andre ledd gjer departementet framlegg om å differensiere gebyret ved regionale løyve. Innehavarar av regionale spektrumsløyve for Profesjonell Mobil Radio skal etter framlegget betale eit fast beløp for kvar region løyvet gjeld, og kr 2 000 for kvar 12,5 kHz kanal som dei disponerer. Om det regionale løyvet dekkjer meir enn to regionar, skal innehavaren betale som for eit landsdekkjande spektrumsløyve, idet arbeidet med frekvensplanlegginga i slike tilfelle meir samsvarer med tilsynets ressursbruk ved tildeling av landsdekkjande spektrumsløyve. Fastbeløpet som innehavarar skal betale, er som følgjer:

Region 1	Oslo, Akershus, Østfold, Vestfold, Buskerud, Telemark	kr 40 000
Region 2	Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland	kr 20 000
Region 3	Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal	kr 20 000
Region 4	Oppland, Hedmark	kr 20 000
Region 5	Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag	kr 20 000
Region 6	Nordland, Troms og Finnmark	kr 20 000

Eit eksempel på det nye framlegget er om ein innehavar har 16 12,5 kHz kanalar og i 2008 betaler 16 x kr 3 125 = kr 50 000. Med ny modell blir reknestykket 16 x kr 2 000 + kr 20 000 = kr 52 000.

Bakgrunnen for framlegget er at regionale spektrumsløyve gjer det mogleg å bruke om att frekvensressursar andre stader i landet, slik at det lettar arbeidet med frekvensplanlegging. Post- og teletilsynets erfaring med frekvenssøknader i region 1 er at det er så stor skilnad på arbeidsmengda ein frekvensøknad i region 1 fører med seg samanlikna med dei andre regionane, at storleiken på fastleddet må aukast i samsvar med dette. Når det gjeld frekvensløyve i dei større byane langs kysten samanlikna med meir grisgrendte fylke, blir kostnadene om lag dei same, då det i dei nordlegaste fylka er mykje arbeid med grensekoordinering.

Beløpet etter § 8 tredje ledd bokstav a, fråtrekt samla gebyr etter § 9 første og andre ledd, skal fordelast mellom innehavarane av sendarløyve for Profesjonell Mobil Radio og sendarløyve for lågeffektssystem etter ein vektingsmodell lik gjeldande modell.

#### **Til § 10 Gebyr for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester**

Dei samla gebyra som sendarløyva etter framlegget § 8 tredje ledd bokstav b og c skal betale, er 8 % etter bokstav b og 3 % etter bokstav c. Gjeldande § 10 handlar om gebyr for sendarløyve i frekvensband planlagt for kringkastingstenester. Departementet gjer framlegg om å endre ordlyden samanlikna med gjeldande § 10 for å samsvare med fordelinga innanfor dei ulike frekvensgebyra. I framlegget § 10 tek departementet høgd for at sløkking av analog TV-kringkasting vil føre med seg visse endringar i PTs ressursbruk. Framlegget i § 10 tek opp i seg dette. Departementet syner til merknadene til § 8 om dette.

#### **Til § 11 Gebyr for andre sendarløyve**

Paragraf 11 handlar om gebyr for andre sendarløyve enn dei som fell inn under gjeldande §§ 9 andre ledd og 10, det vil seie framlegget §§ 9 tredje ledd og 10. Eksempel på andre sendarløyve er radiolinje, radionavigasjon, mobil videolink, satellittjordstasjonar og telemetri.

Dei samla gebyra som sendarløyva etter framlegget § 8 tredje ledd bokstav d skal betale, er 10 % etter ei nærmare utrekning.

Departementet gjer framlegg om å regulere direkte i forskrifta gebyr for offentleg elektronisk kommunikasjonsnett på skip. Dette er nytt i høve til gjeldande rett. Etter framlegget i andre ledd skal dei som har sendarløyve for offentleg elektronisk kommunikasjonsnett på skip, betale ein gebyrkomponent for kvart løyve på kr 5 000, og kr 2 000 per skip løyvet gjeld for. Bakgrunnen for dette er at gebyret etter gjeldande rett i praksis blir rekna ut etter gjeldande § 14, som gir heimel for å påleggje gebyr som enkeltvedtak. Departementet er av den oppfatning at det er meir føremålstenleg å regulere dette eksplisitt i forskrifta enn å påleggje gebyr som eit einskildvedtak. Dette er òg ein meir transparent metode. Ordbruken "offentleg elektronisk kommunikasjonsnett" følgjer systemet i ekomlova under definisjonar i § 1-5, jf. § 1-5 første ledd nr. 2 og 7, som definerer "elektronisk kommunikasjonsnett" i nr. 2 og "offentlig elektronisk kommunikasjonsstenester" i nr. 7. Departementet har bevisst valt å ikkje spesifisere kva slags nett som er aktuelle, slik at det blir ei mest mogleg teknologinøytral regulering.

Det går fram av utkastet § 11 første leddet at gebyr for sendarløyve som ikkje fell inn under § 9 tredje ledd og § 10, blir rekna ut etter paragrafen her.

Gjeldande gebyrmodell for "andre sendarløyve", jf. gjeldande § 11 andre og tredje ledd, er delt inn i forskjellige klasser med forskjellig gebyrvekting. Vektinga bestemmer gebyret for kvar sendar. Gebyret for jordstasjonar for satellitt og stasjon til bruk i forskning blir tilordna ei eiga vekt. Stasjon i radiotelemetrisystem, punkt til punkt/multipunkt, med kanalbreidd under eller lik 25 kHz, har ei vekt avhengig av utstrålt effekt. Andre sendarar blir tilordna vekt ut frå kva slags frekvensklasse dei høyrer til. Gjeldande modell nyttar fire forskjellige frekvensklasser, lågare enn 2 GHz, frå og med 2 til og med 9 GHz, frå 9 til 20 GHz og frå og med 20 GHz.

Beløpet etter § 8 tredje ledd bokstav d skal fordelast mellom dei som har sendarløyve, slik at gebyret for kvar sendar blir lik sendaren si vekt delt på det samla talet vegde sendarar multiplisert med beløpet etter sjettede ledd første punktum.

Departementet gjer framlegg om å differensiere gebyret på ein betre måte enn gjeldande modell. Det er stor forskjell i tilsynet sin ressursbruk ved sakshandsaminga av dei ulike sendarløyva. I § 11 femte ledd gjer departementet framlegg om ei vekting ut frå frekvensband og bandbreidd. Framlegget til ny modell sikrar at kostnadene til tilsynet framleis er reflekterte på best mogleg måte, samstundes som den nye modellen, som har fleire klasser enn gjeldande modell, gir grunnlag for ein effektiv bruk av frekvensar.

Radiosendarar med låg effekt gjer det mogleg å bruke same frekvensen om att med kortare avstand, og derfor blir gebyret for bruk til stasjonar i radiotelemetrisystem, og punkt til punkt/multipunkt, tilordna ei vekt avhengig av utstrålt effekt (e.r.p.) med eit skilje på 0,5 W. Dette er same inndelinga som i gjeldande modell, men satsane blir litt meir differensiert.

Sendarløyve som ein bruker til radiolinje, blir delt opp i seks ulike frekvensklasser, under 1 GHz, frå og med 1 GHz til 4GHz, frå og med 4 GHz til 9 GHz, frå og med 9 GHz til 20 GHz, frå og med 20 GHz til 40 GHz og over 40 GHz. Kvar frekvensklasse er i tillegg delt opp i to eller tre ulike klasser avhengig av bandbreidd. Dersom ein bruker stor bandbreidd, legg ein beslag på større del av frekvensspekteret, og det reduserer høvet til å tildele andre sendarløyve i same geografiske område. Dette er bakgrunnen for at departementet ønskjer å innføre gebyr som er avhengig av brukt bandbreidd, fordi det reflekterer tilsynet sine kostnader med å finne ledige frekvensar til andre søkjarar. Inndelinga i klasser er basert på kor mange løyve ein har i dag, men det er også tenkt på framtidige kanalplanar. Vektinga mellom dei ulike klassene skal reflektere arbeidsmengda som tilsynet har med å tildele løyve. Gebyrsatsane vil etter framlegget variere i større grad mellom dei ulike klassene. Dette gir seg utslag i at ein del sendarar får høgare vekt i høve til gjeldande nivå, mens andre får lågare vekt. For dei fleste aktørar vil det totale beløpet likevel ikkje endre seg vesentleg.

### **Til § 12 Gebyr for spektrumsløyve**

Departementet gjer framlegg om å slå saman gjeldande §§ 12 og 13 til ny § 12 i framlegget. Bakgrunnen for dette er at frekvensstyresmakta i stadig større grad gir teknologinøytrale frekvensløyve, og departementet ser derfor at det er mindre hensiktsmessig å skilje mellom gebyr til mobile tenester og andre frekvensløyve. Dei samla gebyra som spektrumsløyva etter framlegget § 8 tredje ledd bokstav e skal ta inn, er 39 % etter ei nærmare utrekning. Av dette skal 20 % takast inn som eit fastledd, og dei resterande 80 % blir vekta, jf. tredje ledd.

Ein del av gebyrkomponenten blir delt mellom aktørane utan omsyn til den ressursmengda som blir disponert. Den andre komponenten blir så spreidd på grunnlag av fordelingsnøklar som tek eit visst

omsyn til ressursmengda, og eit sett med nøklar som tek omsyn til kva for eit frekvensband ein disponerer. Dette reflekterer at PTs kostnader knytte til kvar innehavar av frekvensløyve ikkje veks proporsjonalt med den delen av ressursmengda den einskilde disponerer, og at PT har større kostnader knytte til visse frekvensband.

Eksempel 1: Det skal krevjast inn kr 10 000 frå tre aktørar som disponerer ulik bandbreidd i same frekvensband.

A: 100 MHz, B: 300 MHz og C: 600 MHz. Ein modell som berre la vekt på ressursmengda, ville fordelt gebyr slik: A: kr 1 000, B: kr 3 000 og C: kr 6 000. Ein annan måte å fordele gebyra på er A: kr 1 000 + kr 700 = kr 1 700, B: kr 1 000 + kr 2 100 = kr 3 100 og C: kr 1 000 + kr 4 200 = kr 5 200. Her blir tre tidelar av det samla beløpet fordelt likt mellom dei tre, og det resterande beløpet blir fordelt på grunnlag av ressursmengda den einskilde har.

Eksempel 2: Det skal krevjast inn kr 10 000 frå to aktørar som disponerer ulik bandbreidd i ulike frekvensband.

A: 100 MHz i eit frekvensband med vekt lik 1, B: 300 MHz i eit frekvensband med vekt lik 2. Ein slik modell vil kunne fordele gebyr på denne måten: A: kr 1 500 + kr 1000 = kr 2 500 og B: kr 1 500 + kr 6 000 = kr 7 500. Her blir tre tidelar av det totale beløpet fordelt likt mellom dei to, og det resterande beløpet blir fordelt på grunnlag av ressursmengda den einskilde har, og kva for frekvensband ressursmengda finst i.

I § 12 blir gebyrkomponentane rekna ut på grunnlag av bandbreidda den einskilde disponerer multiplisert med ein faktor  $v/f$ , der  $f$  er senterfrekvensen i frekvensbandet og  $v$  er vekt for dei ulike frekvensbanda. Faktoren  $1/f$  gjer at den frekvensmessige vektinga blir mindre dess høgare opp i frekvensspekteret løyvet ligg. Årsaka til at ein har valt å nytte senterfrekvensen i dei einskilde banda, er at det blir oppfatta som meir rettferdig at for eksempel dei som har frekvensar nytta til UMTS, betaler den same bandbreiddavhengige gebyrkomponenten per MHz uavhengig kvar i bandet løyva ligg. Konsekvensen av å nytte senterfrekvensane i dei einskilde banda er liten. Post- og teletilsynet avgjer kva som er eit einskilt frekvensband i denne samanhengen. Faktoren  $v$  tek omsyn til at Post- og teletilsynet har større arbeid med visse frekvensband enn med andre. For eksempel skal tilsynet blant anna følgje opp utbygginga til aktørar som har frekvensar nytta til UMTS, og må også følgje opp det internasjonale arbeidet med desse frekvensbanda.

### **Til § 16 Gebyr for registrert importør, produsent og radioforhandlar**

I framlegget til §§ 16 og 17 går departementet vekk frå vektingsmodellen i gjeldande § 17. Bakgrunnen for framlegget er forklart i merknadene til § 17.

Gebyr for registrert leverandør av radio- og terminalutstyr vil etter framlegget vere kr 6 000. Gebyr for registrert radioforhandlar vil etter framlegget vere kr 1 200. Dette tilsvarer gebyrnivået frå 2007 og 2008. Det samla talet på desse aktørane har vore nokså stabilt dei siste åra og omlegging til ein kronosum representerar derfor ei marginal endring for dei nemnde aktørane.

### **Til § 17 Gebyr for autoriserte installatørar**

Departementet gjer framlegg om å erstatte gjeldande vektingsmodell med ein enklare modell der dei tre gruppene av autoriserte installatørar (teleinstallatør, radioinstallatør og kabel-TV-installatør) må betale gebyr ut frå den prosentsats som er sett i § 1 andre leddet nummer 3, fråtrekt beløpet som

følgjer av §§ 14–16 og 18. Beløpet som då kjem fram, skal delast på det samla talet på autoriserte installatørar.

Bakgrunnen for departementet sitt framlegg er at gjeldande tabell inneheld gebyrkategoriar som har lite til felles med kvarandre. Dette gjeld særskilt installatørane og dei andre kategoriane. I tillegg har Post- og teletilsynet fått mange spørsmål knytte til vektingsmodellen.